

Fra: Monica Wegner[monica.wegner@hotmail.com]  
Sendt: 30.08.2024 23:22:49  
Til: Post Innlandetfylke[post@innlandetfylke.no]  
Kopi: Postmottak Skjåk kommune[post@skjaak.kommune.no];  
Tittel: Uttale til forslag til ny skole- og tilbudsstruktur i Innlandet.

---

Denne eposten er sendt fra en person utenfor organisasjonen. Ikke klikk på lenker eller åpne vedlegg før du er sikker på hvem avsender er og at innholdet er trygt.

**Viser til Fylkeskommunedirektør Tron Bamruds forslag til ny skole- og tilbudsstruktur i Innlandet.**

**Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne/Brukarrådet i Skjåk kommune har følgende uttale til forslaget:**

**Ungdom med nedsett funksjonsevne og Nord-Gudbrandsdal Vidaregåande skule, Avd. Lom (Lom vidaregåande)**

Kva gjer du når valet står mellom 20-26 mil i drosje med ledsagar til skulen kvar dag eller å droppe ut av vidaregåande og bli heime? Dette er det valet ungdom i Bismo med nedsett funksjonsevne blir sett overfor dersom Lom vidaregåande skule blir lagt ned.

Det seier seg sjølv at å bruke tre timar i drosje kvar dag, ikkje er greitt!

Nord-Gudbrandsdal er en stor region. Det er 10,3 mil mellom Bråtå i Skjåk og Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule avd. Otta og 13 mil til Vinstra Vidaregåande skule.

I alle år har elevar frå Vågå, Lom og Skjåk vore vane med å reise inntil 4,2 mil til Lom. Det går bra.

Reiseavstand er avgjerande for elever med nedsett funksjonsevne og føresette. En stor del av desse elevane kan ikkje bu på hybel. Institusjon eller flytting av familien nærare skulen, er ingen løysing.

Ei annan side ved dette er kostnadane til drosje med ledsagar tur/retur Otta kvar dag. Truleg vil det okkupere ei drosje og ein ledsagar heile dagen. Med atterhald om korleis fylkeskommuna vil organisere transporten, har vi rekna meirkostnaden til nesten 1 mill.kr/år.

Det er mange ungdommar som av ulike årsaker kan ha behov for ekstra oppfølging. Mindre skular som Lom Vidaregåande har gode forutsetningar for å gje desse elevane tilpassa tilrettelegging og ekstra oppfølging, samstundes som at dei kan bu heime lenger. Små skular som i Lom gjev også desse ungdomane eit godt miljø og

godt fellesskap.

Lom Vidaregåande har opparbeida ein eigen avdeling for tilrettelagt opplæring til elever med store og/eller samansette utfordringar. Dette er ein avdeling som er godt tilrettelagt for elevanes ulike behov. Dette er særdeles sårbare elever som har et stort behov for å kunne gå på en skole i sitt nærrområde. For denne gruppa er overgangar av ulike slag kravande. Viktigheita av godt samarbeid mellom de ulike instansar som har, eller har hatt et oppfølgingsansvar for den enkelte, er i denne samanheng helt nødvendig. Til nå har dette vært godt i varetatt nettopp fordi det er korte avstandar mellom skolane i Lom, Skjåk og Vågå.

Gjennom samarbeidsmøte med føresette, fagarbeidarar, habiliteringstjenesten, avlastningstjenesten og læraren, sikres gode og tilpassande overgangar for den enkelte eleven. Dette samarbeidet sikrar også at både fagleg og medisinsk kunnskap, samt erfaringsbasert kunnskap om den enkelte elev, overførast mellom skolane. Dette skaper trygghet og forutsigbarhet for alle parter, og sikrar at den enkelte elev og deres føresette får bedre og meir tilpassa tenester gjennom skoleåret.

Skulen har god kontakt med næringslivet og bedriftene er positive til å ta imot desse ungdomane på praksisplassar. Praksisplassar er avgjerande for mange på vegen til å komme inni arbeid. Nedlegging av Lom Vidaregåande vil føre til at fleire unge ikkje får tilgang til arbeidspraksis og kan føre til fleire uføre.

Vi er bekymra. Bekymra for at våre ungdom med nedsett funksjonsevne fell utanfor vidaregåande. Fell dei utanfor i vidaregåande, er sjansane for at dei kjem ut i arbeidslivet også mykje mindre.

I forbindelse med gjennomgang av forslaget til Fylkeskommunedirektør Tron Bamrud har det vært kontakt med Ligestillings- og diskrimineringsombudet. De har gitt følgende vurdering av saken:

*Basert på de opplysninger du har gitt oss, kan Innlandet fylkeskommunes forslag om å legge ned Nord-Gudbrandsdalen vidaregåande skule avd. Lom stride med diskriminerings- og menneskerettslige forpliktelser.*

*Dersom elever ved skolen i realiteten blir stående uten skoletilbud, og dette skyldes deres funksjonsnedsettelse, vil dette kunne være i strid med diskrimineringsforbudet på grunn av funksjonsnedsettelse. Fylkeskommunen må eventuelt begrunne at forskjellsbehandlingen ivaretar et nødvendig saklig formål, som ikke er uforholdsmessig inngripende overfor elevene det gjelder.*

*I tillegg vil dette kunne være i strid med CRPD artikkel 24 som gjelder retten til inkluderende utdanning for elever med funksjonsnedsettelse. Dersom tanken er at elevene i stedet skal få et spesialtilbud, såkalt spesialscole, vil dette kunne føre til en uheldig segregering av elever med funksjonsnedsettelse som blant annet CRPD artikkel 24 er tenkt å motvirke.*

*Det er uvisst om fylkeskommunen har rådført seg med det kommunale rådet for personer med funksjonsnedsettelse i forbindelse med denne saken. Rådet skal tjene som et rådgivende organ for kommunen eller fylkeskommunen, og har i saker som gjelder personer med funksjonsnedsettelse rett til å uttale seg. Dette fremgår av kommuneloven § 5-12. Side 4 av 4*

*Med forbehold om at vi ikke kjenner til begrunnelsen og vurderinger for fylkeskommunens forslag, mener vi at fylkeskommunen bør se nærmere på følgende punkter:*

*Har fylkeskommunen gjort en nærmere risikoanalyse, hvor både de diskriminerings- og menneskerettslige spørsmålene er vurdert?*

*I hvilken grad har elever, nærstående og det kommunale rådet for personer med funksjonsnedsettelse vært medvirkende i forbindelse med denne saken?*

*Har fylkeskommunen vurdert hvordan den med et slikt forslag vil ivareta sin aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringsloven § 24 med å arbeide aktivt, målrettet og planmessig for å fremme likestilling og hindre diskriminering?*

*Helene Falch seniorrådgiver*

*Andreas Erichsen rådgiver*

Med bakgrunn i det ovenfornevnte, meiner Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne/Brukarrådet i Skjåk at forslaget frå Fylkeskommunedirektør Tron Bamrud om å legge ned Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule, Avd. Lom er for dårleg utreda og begrunna.

Forslaget bør trekkast, da en mogleg nedlegging av Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule, Avd. Lom vil få store og alvorlege konsekvensar for den gruppa elever vi representerer.

Med helsing

Monica Wegner  
*For Brukerrådet i Skjåk*  
*-Skjåk 29/8-2024*

Kopi: Skjåk Kommune